

## Aktivitetsplan 2006

Arrangement	Dato	Mnd	Ansvarleg
Nasjonaldag	17. mai		Styret
Korpstur	2. - 4. juni		Hemmeleg blåturkomite
Sesongavslutning	13. juni		Johanne m/ horn og tromboner
Stormfestival	8. -10. sep		Hovedkomite
Basar	22. okt		Styret
Øvingshelg	3. 4. og 5. nov		Styret - noteutval
S. og Fj. Meisterskap	18. nov		Styret - noteutval
Julegrantenning Vågsvåg	3. des		Styret
Julekonsert	17. des		Noteutvalet
Juletreffest	28. des		Eli, baryton, euphonium
Nyttårskonsert	6. jan		Erling, bass, slagverk, kornettar

### 17. mai i Holvik og Vågsvåg

**07.30:** Morgenprosesjon på lastebil frå Oppedal. Lastebil frå grendahuset i Vågsvåg 07.10. Frukost på grendahuset etter prosesjonen.

**10.30: Tog i Holvik.** Frammøte på skulen 15 min. før. Lisbeth stiller opp musikkantane.

**15.00: Tog i Vågsvåg.** Frammøte på grendahuset 15 min. før. Lisbeth stiller opp musikkantane.



<b>På kryss og tvers med VG</b>	<b>Prøv VG-kryss Vannrett</b>		1	2	3	4
	1. Jevne ut					
	5. Oppdrettes	1				
	6. Kjør					
	<b>Loddrett</b>					
	1. Slekting	5				
2. Forte seg						
3. Trist						
4. Ener	6					

# Vredens Gnag

God 17-mai



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 5

13. årgang

Laussal: Gratis

mai 2006

## Stor interesse for stormfestivalen

**Planlegginga av haustens stormfestival er i full gang.**

Mykje arbeid, men alt no ser det ut for at det kan bli eit flott arrangement, seier leiar i stormkomiteen, Johan Einar Wåge.

Raufoss Musikkorps er einaste korps-et som har vore på alle

fem festivalen. Dei kjem i år og på sin sjette festival.



Korpsa som er påmeldt er: Frei Hornmusikk, Florø Hornmusikk, Ørsta Hornmusikk, Leikanger Musikklag, Bispehaugen Ungdomskorps, Krohnengen Brass, Musikklaget Melshorn, Ellingsøy Hornmusikk og Fiskerstrand Musikkorps, Fana Musikklag, Seim Musikklag, Raufoss Musikkorps, Fræna Musikkorps, Ørskog Storblåsarsamband ØSS'N, Vik Musikklag, Averøy Ungdomskorps, Gloppen Janitsjar

[www.torskangerpoll.no](http://www.torskangerpoll.no)





Både i Holvik Skulekorps og Torskangerpoll Musikklag er det hektisk aktivitet før den store speledagen. begge korps har vore ute og øvemarsjert. Trommer er viktig, og Stian Bø sei-

er han er klar. Det skal og Arne Øvrelid på stortromme vere. Også i år samarbeider dei to korpsa med felles nasjonaldagspeling i Holvik og Vågsvåg. Lukke til til alle.



**Dugnad på huset.** I vår har det vore gjort mykje godt arbeid på huset som korpset eig i Torskangerpoll. Harald Oppedal, Tor Åge Gravdal og Arne Øvrelid har organisert det heile. Det har vore mala, skifta kledning, og ei dør. Endå er det litt arbeid igjen, og vil nokon vere med på ein triveleg dugnad så ta kontakt.



## Arne Torskangerpoll 75 år

15. mai fyller Arne Torskangerpoll 75 år. Den store dagen blir feira i Våge Oppedal Grendahus mandag 15. mai klokka 19.00.

Det blir ope hus, og dei som vil kome å feire dagen med Arne med kake og kaffi er hjarteleg velkommen.

Leiar i Torskangerpoll Musikklag, Johan Einar Wåge, seier korpset vil spele til jubilaranten.

Arne har levd for korps og musikk i alle år. Sjølv om helsa ikkje er som den var, er han framleis på alle øvingar og arrangement med korpset.

Arne starta i Torskangerpoll Musikklag som 14-åring i 1945 - same året krigen var slutt. Arne hugsar godt maidagen dette året då han og faren kom inn frå sjøen, og for første gong på fem år såg norske flagg som vaia i den lette vårvinden. Å få beskjeden om at dei tyske okkupantane hadde gjeve opp, og Norge var fritt, var stort.

Arne gjekk i faren Isak sin musikkskule, og starta å spele klarinett. Det ikkje faren lærte han, lærte han seg sjølv. Fire år seinare, tok han over dirigeringa etter faren som hadde dirigert korpset i fleire tiår. Arne var først spelande dirigent. Seinare vart det kun dirigering.

Han har dirigert Torskangerpoll Musikklag i 50 år, og har laga over 600 korpsarrangement.

Arne har fått alle dei heidersteikn som Norges Musikkorps Forbund deler ut. Han har i tillegg fått Vågsøy Kommune sin kulturpris.

Fram til Arne vart sjuk førte han detaljert dagbok over alt som korpset føretok seg. Arne visste nøyaktig kven som var på siste øvinga før julekonserten for 49 år sidan, kvar musikkstemnet for 30 år sidan var, og kva melodiar korpset spelte. Han visste nøyaktig kva marsjar som vart brukt 17. mai i 1976, og på meteren kvar dei ulike marsjane starta.

Sjølv om helsa ikkje er som den var, er han smilande og levande oppteken av musikk. Han lever seg framleis inn i musikken med kropp og sjel. Det er ein smilande og blid 75-årsjubilar som feirar 15. mai. Vi gratulerer

